

Vakkert frå Tore og vokaltrioen Winther.

22.11.2016



Vokaltrioen Winther imponerer med nydelege framføringar av kjente slagerar.

Den utflytte uskedelingen Tore Sergei Myklebust kan sjå tilbake på ei imponerende karriere i underholdningsbransjen. Heilt frå han flytta til hovudstaden, har han livnært seg innan denne krevjande bransjen. Talentet hans som songar og underhaldar er udiskutabelt, og i tillegg har han med god teft sytt for at andre artistar har brakt god underhaldning ut til folket.



[Tore S. Myklebust har verkeleg opplevt mykje i underhaldningsbransjen.](#)

Dei seinare åra har Tore arbeidd som produsent og regissør for STARWORKS. Før det hadde han mange års erfaring som artist frå en rekkje musikaler, show og tv-program, bl. a. Melodi Grand Prix, Skal vi danse og Beat for Beat. Han har turnert fleire gonger i Asia med eige band, og han har jobba med artistar som Carola, Wenche Myhre, Laura Pausini og mange fleire svært dyktige og kjente artistar.

For få dagar sidan var det ein av mine næraste som gjorde meg merksam på at han no presenterte nydelege framføringar av kjente slagerar med vokaltrioen Winther. Dei to andre i denne trioen er Marit Strømøy og Johannes Winther Farstad. Sistnemnde spelar også piano.

Om Winther vert det sagt at det er ein norsk vokaltrio som framfører velkjente nordiske og internasjonale perler i sine heilt egne tolkningar. Repertoaret spenner frå norske favorittar som Jan Eggum, Kygo, Vamp og Ola Bremnes til internasjonale klassikarar som Joni Mitchell, Stevie Wonder, Eva Cassidy, Carol King, The Eagles, Leonard Cohen og mange, mange fleire.

Trioen har allereie fleire konsertar på speleplanen både i inn- og utland. Tenk om vi kunne fått dei til Kvinnherad!!

Første songen eg hørde med trioen var Jan Eggum sin '[En natt forbi](#)' med herlege vokalhamoniar og nydeleg presentasjon. Det gjorde meg nysgjerrig, og derfor gjekk eg inn på heimesida til Starworks. Der var eg heldig og fann både 'Halleluja'(Leonard Cohen) og 'Desperado'(Eagles). I tillegg fann eg også eitt og hitt om kva interessant den utflytte uskedelingen har å by på. Eg oppfordrar alle til å ta ein tur innom [heimesida her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Starworks.